

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/7968-1

## **Aurland, Fjaler, Førde, Gulen og Årdal kommunar - Høyring av utkast til kommunale planstrategiar**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet støttar vurderingane av utfordringar som er gjort i dei kommunale planstrategiane for Aurland, Fjaler, Førde, Gulen og Årdal kommunar.
2. Regional planstrategi må likevel leggst sterkare til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.
3. Kommunane må også i større grad drøfte kva det skal innebere for planarbeidet å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.
4. For Fjaler og Gulen må regional strategisk plan for kysten forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

### Vedlegg:

- Aurland kommune – utkast til handlingsdel med økonomiplan og regional planstrategi 2017 - 2020
- Fjaler kommune – utkast til kommunal planstrategi 2016 – 2019
- Førde kommune – utkast til kommunal planstrategi 2016 – 2020
- Gulen kommune – utkast til kommunal planstrategi 2016 – 2019
- Årdal kommune – utkast til kommunal planstrategi 2016 - 2020

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Aurland, Fjaler, Førde, Gulen og Årdal kommunar har sine regionale planstrategiar ute til høyring. Vi har valt å handsame alle strategiane i ei felles sak, då mykje av problemstillingane og attendemeldingane er felles for alle.

Vi vil rose alle kommunane for eit godt og grundig arbeid. Kommunane har ulike tilnærmingar til strategien. Felles for dei fleste er ei drøfting av utviklingstrekk og utfordringar, og ei vurdering av planbehovet som munnar ut i ein prioriteringstabell for planarbeidet neste 4 åra. Aurland kommune skil seg litt ut frå dei andre ved at dei har gjort strategien til ein del av kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan.

### **2. Bakgrunn for saka**

Plan- og bygningslova § 10-1 set krav til kommunane om å utarbeide kommunal planstrategi (KPS). Strategien skal vere kommunen si rettesnor for kommuneplanarbeidet i komande 4-årsperiode. Etter lova skal strategien vere vedteken seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Planstrategien bør gje ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, m.a. arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. I lov om folkehelse er det fastsett at ei oversikt over

folkehelsestilstanden i befolkninga som skal inngå som eit grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi og ei drøfting av folkehelseutfordringane bør inngå i strategien.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok [regional planstrategi](#) 2016-2020 (RPS) 14.06.16. Under arbeidet er det gjennomført prosessar med kommunane for å forankre arbeidet og legge til rette for kopling mellom RPS og dei kommunale strategiane.

PBL § 10-1 set krav om offentleggjering av forslag til vedtak minst 30 dagar før handsaming i kommunestyret. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt delegeringsreglementet kapittel 3.37 gir fylkesutvalet mynde til å gje uttale på vegne av fylkeskommunen.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **GENERELT FOR ALLE KOMMUNANE**

Gjennom regional planstrategi, har vi sett opp følgjande prioritering av planarbeidet i perioden:

Plan	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Nye planar</b>					
Strategisk plan for kysten					
Regional plan for arealbruk					
Regional plan for kultur					
<b>Revidering/rullering</b>					
Regional transportplan					
Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv					
Regional plan for vassforvaltning					
Regional plan for klima og miljø					
Regional plan for folkehelse					

Eit fleirtal av desse planane vil vere relevante for kommunane. Det kan vere føremålstenleg for den einkilde kommune å vurdere om det vil vere rett å tilpasse eige planarbeid i tid med tilsvarande plan på regionalt nivå - før ein vedtek eigen strategi,

Vi har utover i 2016 tilbode kommunane å lage eit notat på kommunenivå med relevant statistikk og analyse. Tema er demografi, utflytting, innvandring, kvinner som flyttar og arbeidsplassar. I desse notata omtalar vi situasjonen slik den er i dag, utviklingstrekk og utfordringar fylket står ovanfor. Vi legg vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får med framskrivingar, analyse og oppsummering av mogelege strategiar ut frå utfordringane. Av dei kommunane vi handsamar i denne saka er det Gulen og Årdal som har fått eit slikt notat. Dette kan òg utarbeidast for dei andre kommunane dersom det er av interesse og aktuelt ved utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplanen.

I regional planstrategi er det prioritert å starte opp arbeidet med regional plan for kultur i 2017. Hausten 2016 vert det starta opp eit forprosjekt for å avklare innhald og mål for planarbeidet. Slik det er no har den fylkeskommunale kultursektoren fleire fagplanar, og det må vurderast om desse skal samlast i ein felles plan for kultur.

Vedteken regional planstrategi er nemnt i dei fleste utkasta, men ikkje alle. Kommunane har vorte involvert i dette arbeidet, som munna ut i vedteken regional strategi i juni. Vi har ei forventning om at RPS i større grad vert tatt med som grunnlag. Mykje av poenget med ein RPS er at fylkeskommunen og kommunane i fylket skal ha eit felles dokument som tek føre seg hovudutfordringane fylket og kommunane står ovanfor. Kommunane vil i større eller mindre grad ha dei same utfordringane som er sett opp i RPS, - det er i stor grad globale og regionale trendar og

utviklingsmønster som kommunane og lokalmiljø må halde seg til. Vi oppmodar difor om at dei 5 hovudutfordringane i RPS sin relevans for kommunen vert vurdert. Felles mål og utfordringar kan også bety felles løysingar.

Vi ønskjer og at planstrategiane til kommunane seier noko om kva forventningar kommunane har til planlegginga på regionalt nivå, kva de ønskjer vi skal vere med på å leggje til rette for.

FN sitt klimapanel har teke til orde for eit taktskifte i klimaarbeidet, frå «tilpassing» til «omstilling». Med Paris-avtalen vart premissane for klima- og miljøplanar noko endra, og ambisjonsnivået heva for norsk klimapolitikk. Tidlegare klimaplanar byggjer på Kyoto-protokollen (1997), og det vert difor behov for nye og oppdaterte klimaplanar i kommunane. Kommunale klimaplaner bør innehalde oppdaterte mål og strategiar som bidreg til at Noreg når dei innmeldte utsleppskutta, og som betre rustar kommunane til eit endra klima. Noreg forplikta seg til ein reduksjon av klimagassutsleppa på 40% innan 2030 samanlikna med 1990. Kommunane og fylkeskommunane kan gjennom endring i si verksemd vere ein viktig bidragsytar for å nå dei måla, på ulike samfunnsområde (kollektivtrafikk, landbruk, transport). Men for å få det til må ein ha ei bevisst haldning og ein strategi for reduksjon av klimagassutslepp og klimaomstilling. Dette betyr at kommunen og fylkeskommunen i 2019-2020 skal ha kome eit godt steg vidare på vegen. Vi vil difor oppmode kommunane til å rullere/revidere klima- og miljøplanane sine tidleg i perioden. Om ein heller har behov for å prioritere samfunnsdel eller arealdel kan det vere eit alternativ å ta klima- og miljø inn som ein del av dette planarbeidet. Vi ser og av strategiane at nokre av kommunane har lagt opp til det.

Det er viktig med god kopling mellom planstrategien og det årlege budsjettarbeidet, og den planlagde ressursbruken der. Når ein startar planarbeidet må det vere sett av ressursar til prosess og oppfølging. Det må vere eit mål i seg sjølv at dei planane ein set opp i strategien faktisk vert gjennomført.

Veg- og trafikktryggingsplanar er sett opp i prioriteringslista i ein av dei fem kommunane. Vi kjenner ikkje til status for slike planar i dei andre kommunane. Sidan arbeidet med regional transportplan er i gang, er det naturleg for oss å oppmode kommunane til å lage eller oppdatere kommunale planar på området tidleg i perioden, dersom de ikkje har oppdatert plan i dag. Som alle regionale planar er ein viktig del av planarbeidet innspel frå kommunane om sentrale behov. Uansett status på planarbeidet vil vi oppmode kommunane til å kome med innspel til arbeidet.

Alle planstrategiane set opp hovudutfordringar og deretter naudsente tiltak og planarbeid. For fleire av strategiane er frivillig sektor nemnd i liten grad. Der det er nemnd er det i samband med helse og folkehelse. Ein kommune skriv at oppgåvene innan folkehelsearbeidet ikkje kan løysast med kommunalt tilsette/kommunale midlar åleine, ein anna at det er eit mål at frivillig sektor skal vere eit supplement til kommunal tenesteproduksjon for at kommunen skal nå målsetjingar for samfunnsutviklinga. Vi ønskjer at frivillig sektor skal vere eit meir uttalt «middel» for å nå fleire av måla til kommunen, inkludert også som ein sentral part i høve medverknad i dei ulike planarbeida.

## **AURLAND KOMMUNE**

Strategien til Aurland er del av rullering av handlingsdel med økonomidel. Det er mykje informasjon her som er relevant når det gjeld planstrategien. Men etter det vi kan sjå er det ikkje gjort analyse på utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter, og det er vanskeleg å finne til kva som er grunnlaget for den prioriteringa som er gjort. Det er i liten grad gjort analyse og utfordring direkte knytt til planarbeidet. Kap 5.1 om temaområde i planperioden inneheld ein diskusjon som er verdfull i høve planbehov i perioden, men utover det er det vanskeleg å dra ut kunnskap som er avgjerande for prioritering av vidare planarbeid.

Det er positivt at kommunen set fokus på fleksibilitet i val av modellar for tomteutvikling slik at denne kan skje anten i kommunal eller privat regi. Det er også viktig at ein får ei differensiering i type bustader, tilpassa ulike aldersgrupper og fasar i livet. Målområde bustad bør difor vere meir enn fleire bustader, men og meir varierte typar bustader.

Vi kan sjå ein fordel i det å utarbeide kommuneplan for klima og energi før kommuneplanen sin arealdel. Kommunen må tenkje igjennom ikkje berre kva planar ein vil prioritere, men også optimal rekkefølge på planarbeidet. Kva planar har gjensidig avhengigheit? Kva planar, inkludert utgreiingar og analysar knytt til desse, er det som kan vere grunnlag for anna planarbeid, og kva planar er avhengige av andre for å få ut sitt potensiale? Vi ser og at det er lagt opp til svært mange planarbeid i 2017, 22 i 2017, 8 i 2018, 5 i 2019 og 5 i 2020. Vi stiller spørsmål ved om kommunen har kapasitet til å gjennomføre dette, eller om handsaminga må fordelast utover perioden.

Vi registrerer at Aurland vil slutthandsame sin plan for klima og miljø i 2017. Gjeldande plan er frå 2010. SFFK vil melde formell oppstart av sitt arbeid med rullering av regional plan for klima og miljø hausten 2016. Vi ser på som ein fordel at prosessane går nokon lunde parallelt. Det er og ein fordel at arbeidet med den kommunale klimaplanen har kome eit stykke når ein startar arbeidet med samfunnsdel og særleg arealdelen. Mykje av dei måla ein set i klimaplanen kan då leggjast til grunn for planlegging av langsiktig arealbruk. Vi viser elles til kommentar i generell del over om klima- og miljøplanar.

Kommunedelplan for veg og trafikktrygging er planlagt rullert i 2017. SFFK jobbar med regional transportplan, der planprogram har vore ute til offentleg ettersyn i sommar. Det er forventa vedtak av planprogram hausten 2016, og endeleg vedtak av plan i desember 2017. Om Aurland kommune kjem tidleg i gang med sin plan i 2017 har dei eit godt høve til å kome fram til behov som igjen kan spelast inn i arbeidet med regional transportplan.

## **FJALER KOMMUNE**

Gjeldande samfunnsdel er vedteken i februar 2014. Difor er det ikkje lagt opp til rullering av samfunnsdelen i planperioden. Vi har ikkje særskilte kommentarar til eit slikt grep. Men, det er avhengig av at ein ikkje ser vesentlege behov for endring av mål og strategiar på grunn av endra premisser i samfunnsutviklinga. Frå 2014 og til utgangen av planperioden er det likevel 6-7 år. Det vil difor kunne vere behov for gjennomgang, retningsjustering og annan tilpassing. Dette er det likevel mogleg å ta i samband med årleg revisjon av handlingsdelen med økonomiplan.

Det er lagt opp til at plan for folkehelse går ut, med grunngeving i at det er betra fokehelse som skal vere ein grunnleggande føresetnad for alle planarbeid. Vi meiner det er eit føremålstenleg grep. Vi vil oppmode til at planstrategien problematiserer dette gjennom ein diskusjon som munnar ut i retningsliner for korleis det skal handsamast vidare.

Klima og miljøplan er omtala. Vurderinga til kommunen er at dette er ein plan som heller bør innarbeidast i alle andre planar, og at klima og miljø er ivareteke i samfunnsdel og arealdel. Gjeldande klimaplan for Fjaler vart vedteken i 2010. Vi er samde i at klima og miljø kan hand-samast i samfunnsdel og arealdel, der samfunnsdelen legg overordna føringar for handsaming av temaet i arealdelen. Men slik prioriteringstabellen viser for Fjaler, skal både gjeldande samfunnsdel og energi-, klima,- og miljøplan vidareførast utan rullering eller revisjon. Det ser vi på som uheldig, men det kan løysast på same måte som for folkehelse, slik at klimamåla m.m. både vert ein grunnleggande føresetnad i alle planarbeid og munnar ut i retningsliner for korleis temaet skal handsamast vidare. Vi viser elles til kommentar i den generelle delen over om planar for klima og miljø.

Det er ikkje lagt opp til rullering av samfunnsdelen. Vi føreslår at samfunnsdelen vert gjennomgått og justert i samband med arbeidet med handlingsdel med økonomiplan. Årleg rullering av handlingsdel med økonomiplan er ikkje sett opp i prioriteringa, men vi føreset at det vert gjort. Vi er samde i at det er rett å vurdere om planar kan slåast saman og takast i same arbeidet. At folke-helseplanlegging vert gjort som del av arbeidet med samfunnsdel og arealdel kan vere eit godt grep. Vi vil oppmode om at ein i forarbeida til planen legg særskilt vekt på å jobbe fram eit godt grunnlag for å ta omsyn til folkehelse i planarbeidet.

I regional planstrategi er strategisk plan for kysten prioritert, og det er viktig å sikre forankring av strategiarbeidet og prosessen i kystkommunane også. Fjaler kommune har i sin uttale til høyring av planprogrammet til strategisk plan for kysten forplikta seg til å bidra inn i arbeidet. Strategisk plan for kysten vil gje overordna føringar for anna planarbeid på kysten. Fylkeskommunen meiner difor at planen må inn i prioriteringslista for at ein skal sjå behovet for å setje av tid og ressursar.

### **FØRDE KOMMUNE**

Mykje av det vi ønskjer å kommentere på utkastet til Førde er skrive i den generelle delen. Førde si hovudutfordring er å nå målsetjingane om folketalsvekst. Det er stagnasjon i tal unge og ein aukande del eldre blant innbyggjarane. Kommunen må jobbe vidare med å skape auka variasjon i type næringar og privat sysselsetting for å ha mangfald i type arbeidsplassar, og ein må gjere seg attraktive nok til at dei som flyttar til kommunen ynskjer å bli buande.

Kommunen har i kap. 8 skrive om kommunereforma, og litt om korleis dei vil rigge arbeidet, at det vil krevje mykje administrativ utgreiings- og planleggingsaktivitet, og at det vil føre til redusert ambisjonsnivå i høve anna planarbeid i same periode. Det vil kunne gjelde for dei andre kommunane òg, noko som vil aktualisere auka bruk av interkommunale planar i planperioden.

Hovudmåla i samfunnsdelen er tekne med. Det er eit godt grep, samfunnsdelen er kommunen sitt mest strategiske og langsiktige dokument, og dei overordna måla kan gjentakast i strategien for å sjå planprioriteringane som vert gjort i samheng med gjeldande overordna mål.

Vi vil støtte tanken om å utarbeide strategiplan for bustadutvikling. Arbeidet med regional planstrategi har vist at differensiering av type bustader er viktig for attraktivitet. Mange undersøkingar viser at dei viktigaste faktorane for tilflytting er tilgang på arbeidsplassar og bustadar. Det er positivt at kommunen set fokus på fleksibilitet i val av modellar for tomteutvikling slik at denne kan skje anten i kommunal eller privat regi. Det er også viktig at ein får ei differensiering i type bustader, slik at alle aldersgrupper og fasar i livet kan finne ein bustad. Målområde bustad må altså vere meir enn fleire bustader, men varierte typar bustader. I og med at Førde saman med Jølster, Gaular og Naustdal har tenkt og slå seg saman, og at desse kommunane ligg innafor ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, ser vi det som naturleg at de vurderer om ein slik plan skal utarbeidast som ein felles interkommunal plan.

Vi tykkjer det er bra at Førde vil prioritere arbeidet med miljø-, energi- og klimaplan. Førde skreiv i prioriteringslista i førre planstrategi at dei ville vente på fylket sin klimaplan. No er regional plan for klima og miljø under oppstart, og då passar det godt at Førde vil starte opp arbeidet med sin i 2017. De skriv i prioriteringslista at de fortrinnsvis skal ta den som ein felles regional plan. Vi oppfattar det som ein plan felles med nabokommunane, og det grepet vil vi støtte.

Fleire kommunar har valt det grepet at folkehelse skal innarbeidast som del i alle planar som vert utarbeidd, også Førde. Sjå over for vår kommentar til Fjaler kommune om folkehelse.

### **GULEN KOMMUNE**

Regional planstrategi er nemnd, men ikkje tydeleg lagt til grunn som eit grunnlag for eigne prioriteringar. Det er ikkje gjort nokon diskusjon på samhengane mellom dei utfordringane som er sett opp i regional planstrategi og dei utfordringane de sjølve har. Sjå generell del for meir kommentarar knytt til tilhøvet mellom RPS og KPS.

Klima- og energiplanen for Gulen er tenkt revidert i 2019. Vi viser til det som er nemnd over i generell del om miljø- og klimaplanar. For Gulen sin del vil vår kommentar særleg gå på at vi meiner rullering av klimaplan i 2019 er for seint sett opp mot måla som er sette i Paris-avtalen. Eit grep for å få vedteke klimastrategiar før, kan vere å ta strategisk planlegging for reduksjon av utslepp av klimagassar og klimatilpassing som del av revisjon av arealdelen som er tenkt gjennomført i 2017 og 2018 og/eller klimaomstilling inn i det årlege handlingsprogrammet.

Strategisk plan for kysten (SPK) er nemnd. Men vi vil ha den med i prioriteringslista, i og med at det oppsettet og seier noko om kapasitet, og SPK vil krevje tid, også for kommunane. Denne

planen skil seg ut i høve andre regionale planar, ved at kommunane i denne planen er med på finansiering og har forplikta seg til å bidra. Sjå elles merknad om denne planen i kommentaren til Fjaler kommune.

Det er litt for lite diskusjon kring utviklingsstrategiar, og regional planstrategi er etter vår vurdering lagt til grunn i for liten grad. Bustadpolitisk plan er ein plan som tek tak i ei av dei utfordringane vi peikar på i RPS, og vi ser at andre utfordringar også er felles mellom kommune og fylkeskommune, som t.d. klima. Vi ønskjer oss større grad av «sekundering» mellom våre felles utfordringar. Vi har ei forventning om at RPS i større grad vert diskutert, og at ein ser på korleis den kan brukast til å felles utvikling i kommunar, regionar og i fylket.

Vi har ikkje særlege kommentarar til det å nytte handlingsplanen til å justere samfunnsdelen. Men det er avhengig av at ein ikkje ser vesentlege behov for endring av måla grunna endra premisser i samfunnsutviklinga og at det meir er snakk om justering av mål og utfordringar.

## **ÅRDAL KOMMUNE**

Vi meiner det er rett av Årdal at dei startar opp arbeid med samfunnsanalyse som grunnlag for ny strategisk næringsplan. Det er avgjerande viktig for å målrette utviklingsarbeidet med bakgrunn i godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Årdal sine utfordringar knytt til befolkningsutvikling har tydeleg samanfallande trekk med dei vi ser i heile fylket, jf. kapittelet om viktige trendar. Regional planstrategi er basert på analysar innanfor alle dei 5 overordna utfordringane vi set opp. Dei 5 hovudutfordringane er opplista i dokumentet. Utover det er regional planstrategi ikkje nemnd eller diskutert. Regional planstrategi skal leggast til grunn for kommunen sitt planarbeid. Målet med RPS er at FK og kommunane skal ha ei felles forståing av utfordringane. Det vil vere skilnad mellom kommunane og regionane, men alle dei 5 hovudutfordringane vi set opp i RPS vil vere aktuelle i større eller mindre grad i kommunane og i dei ulike regionane i fylket.

Det er i liten grad sagt noko om samarbeid for å løyse oppgåver og utfordringar innanfor regionen. Det er nemnt at ein skal skaffe Årdal fleire bein å stå på, og at Årdal sine naturattraksjonar ikkje er godt nok utnytta til reiselivsutvikling. Det er i liten grad sagt noko om korleis ein kan utnytte interkommunalt/regionalt samarbeid for å få til dette, og i kva grad dette samarbeidet kan utløysast gjennom planarbeid. Vi vil tru at eit næringslivet best kan utviklast til å verte meir mangfaldig gjennom samarbeid med nabokommunar og andre kommunar i regionen, iallfall på område der føresetnadane er nokolunde like. Hovudmålet for strategisk næringsplan er å få eit meir mangfaldig næringsliv, og bli mindre sårbar. Samstundes må bedriftsleiarar, offentleg forvaltning og forskings- og utdanningsmiljø verte meir synleg for kvarandre.

Strategisk næringsplan og samfunnsdelen må sjåast i samanheng. I tabellen over planbehov er det sett inn eit kommentarfelt. For samfunnsdelen er det sett inn kva som skal vere del av rulleringa i 2018. Ein bør ikkje alt no fastsetje endeleg kva som skal vere del av rullering av samfunnsdelen i 2018, det vil vere avhengig av på kva fagområde ein ser at trendar og behov endrar seg. Ser ein ut frå arbeidet med strategisk næringsplan i 2016 at det er behov for å justere retning i samfunns-delen, bør også dette verte ein del av rulleringa.

Årdal kommune sin gjeldande samfunnsdel vart vedteken i desember 2010. Med bakgrunn i det som vert skrive om utfordringar knytt til overordna struktur i Årdalssamfunnet meiner vi at det kan vere grunnlag for å vurdere behovet for ein hovudrevisjon av samfunnsdelen og ikkje rullering av enkelte fagområde. Dette er ikkje diskutert i planstrategien. Slik vi vurderer det tyder mykje av det som vert sagt og skrive om folketalsnedgang, behov for meir mangfaldig arbeidsliv, utnytting av naturen som reiselivsprodukt, «to av alt» - problematikken, og Årdal som ein del av ein større bu- og arbeidsmarknad peikar mot eit behov for hovudrevisjon av samfunnsdelen.

Det er ikkje tenkt full revisjon av arealdelen i planperioden, men avgrensa revisjon av strategisk del og føreseger. I 2020 når ny kommunal planstrategi vert vedteken er det då 7 år sidan vedtak av arealdelen. Bakgrunnen er at ein meiner planbehovet er dekt og at ein har ei god arealreserve

slik det er i dag. Men med tanke på dei utfordringane som vert skisserte med tanke på næringsliv, folketalsnedgang og det å rekruttere og behalde kompetanse meiner vi det er for defensivt å legge opp til så lang tid mellom revisjonane. Gjennom revisjon av strategisk del av arealdelen kan ein få sett på arealutviklinga og behovet, men ein får ikkje lagt ut nye areal eller justert plankartet.

Det vert og sagt at arealdelen har ei god arealreserve. Men det er ikkje sagt noko om det er lagt ut areal for rett type bustad. Med tanke på utfordringane Årdal har med folketalsnedgang og det å rekruttere og behalde kompetanse (det er sagt at dei som skal jobbe i Årdal i stor grad må flytte til Årdal) bør det vurderast å lage ein strategisk plan for bustadutvikling for Årdal.

Det er lagt opp til revisjon av klima og energiplanen frå 2010 som eit strategidokument innanfor fagområdet tekniske tenester. For oss verkar det då som eit dokument med hovudfokus på klimatilpassing. Plan for klima og miljø bør innehalde også strategi for reduksjon av klimagassar og vere gjennomført på ein slik måte at arbeidet kan takast inn og vidareførast gjennom arbeidet med rullering av strategidel av arealdelen. Sjå også kommentar i generell del om klima- og miljøplanar.

Vi støttar synet om at det er ei utfordring at folkehelse vert sett på som helsetenesta sitt ansvar. Folkehelse ligg i alt vi gjer, og skal folkehelsearbeidet lukkast må det implementerast i alle fagområde. Måla innan folkehelse bør vere ein grunnleggande føresetnad for alle planarbeid. Vi vil oppmode om at planstrategien problematiserer dette gjennom ein diskusjon som munnar ut i retningslinjer for korleis det skal handsamast vidare både i samfunnsdelen og i andre planar.

Slik vi vurderer det har planstrategien gode diskusjonar og oppsummeringar av utfordringar og behov for planarbeid. Men, den ber og preg av at dei utfordringane som vert løfta opp, ikkje i stor nok grad syner igjen i planarbeidet det vert lagt opp til. Vi meiner de gjer rett i å prioritere strategisk næringsplan, overordna helse- og omsorgsplan og plan for klima og miljø. Samstundes meiner vi at det er klare behov for overordna planar, særleg full revisjon av samfunnsdelen, som er frå 2010. Også arealdelen vil vi oppmode om at ein vurderer full revisjon av i slutten av planperioden, sett i lys av det arbeidet som vert gjort med strategisk næringsplan, helse og omsorg (busetjing av flyktningar) og plan for klima og miljø. Det ein finn i det arbeidet kan ha konsekvensar for arealplanbehovet.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen støttar i stor grad dei vurderingane og prioriteringane som er gjort i dei kommunale planstrategiane til Aurland, Fjaler, Førde, Gulen og Årdal kommunar. Felles for dei fleste er ei drøfting av utviklingstrekk og utfordringar, og ei vurdering av planbehovet som munnar ut i ein prioriteringstabell for planarbeidet dei neste 4 åra.

Regional planstrategi må i sterkare grad leggest til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.

Kommunane drøftar i liten grad kommunen som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Det ligg løysingar i interkommunal samarbeid og interkommunale planar. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar. Det er i liten grad drøfta moglegheiter for slike plansamarbeid.

For Fjaler og Gulen må regional strategisk plan for kysten forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

Fylkesrådmannen legg opp til at saksutgreiinga følgjer som vedlegg ved oversending av uttalen til kommunen.